

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar		
Namn på søkjar:	Hordaland sogelag	
Organisasjonsnr:	988 237 922	
Kontaktperson:	Mikal Heldal (leiar)	
Adresse:	Lerkeveien 13, 5097 Bergen	
Telefon:	48096673	E-post: mikal.heldal@uib.no
Skattekommune:	Bergen	
Medlemstal:	Ca 4500	

2. Søknad		
Totalbudsjett:	30.000	Søknadssum: 20.000
Tidsskrift/publikasjonar: publisering vert eit oppfølgingsprosjekt		
Skisse for prosjektet:		
<p>I samband med Landslaget for Lokalhistorie sitt landsseminar i Bergen 4.-6. nov. 2016, har Hordaland sogelag og Rogaland historielag teke initiativet til eit dags-seminar om «Husmannsvesenet» fredag 4. nov. 2016. Det er eit fagleg sterkt program som no er på plass: Ernst Berge Drange, Sand; Alan Hutchinson, Bodø; Ståle Dyrvik, Bergen; Nils Olav Østrem, Stavanger; Arne Solli, Bergen; Mette Vårdal, Volda, Eyvind Urkedal York, Bergen.</p>		
Mål og framdriftsplan for prosjektet:		
<p>Målet for prosjektet er todelt: 1) gjennomføring av husmannsseminaret nov 2016; og 2) publisering av dei faglege innlegga i 2017/18.</p> <p>Denne søknaden inneheld berre midlar til del 1: der er hovedkostnadene honorar, reise- og opphaldsutlegg for inviterte førelesarar.</p> <p>Honorar: kr 2000,- pr. føredrag (14.000). Reise og opphald 4000x4 = 16.000.</p> <p>Totalt kr 30.000</p>		

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):
<p>Det er kring 100 år sidan Skappel ga ut eit samla oversyn over husmannsvesnet i Norge. I ettertid har det kome til relativt mykje kunnskap om husmenn og kva rolle dei inntok i samfunnet. Gjennom åra har det vorte gjort master-oppgåver og avhandlingar, men ei meir samlande framstilling er no ei prioritert oppgåve. Store regionale skilnader i husmennene sine kår og korleis dei tilpassa seg samfunnet gjev mange spennande vinklingar. Tema som Husmannen som innovatør viser til at dei som hadde eit trangt omrømme i utgangspunktet, måtte vera kreative i det dei tok seg føre. Handverksmessig stod husmennene for eit stort arbeid: bøkkearbeid, treskoggraving, produksjon av kiper/korger er nokre døme.</p> <p>Etter kvart som lokalhistorisk arbeid har vakse fram dei seinste åra har det også vorte kasta lys over husmennene sin innsats i lokalsamfunnet og det er meir underbygde lokale/regionale skilnader som er grunn til å sjå nærare på. Dette er soleis eit viktig lokalhistorisk prosjekt som Hordaland sogelag synest det er grunn til å ta fram. Fullfinansiering av seminaret er tenkt gjennom søknad om stønad frå SparebankenVest.</p>

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.

